



[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

Nr 2 | 2023 | 82. årg

# KYRKJENYTT

for Vossabygdene



**5** FASTE  
-AKSJONEN

**6** NAVNET JESUS  
BLEKNER ALDRI  
- 100 ÅR

**13** KYRKJEVALET  
2023

**DE HISTORISKE**

**DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP**  
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik, Sigbjørn og Marie Fleischer

**DET ER NOE MED FLEISCHER'S**

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

**MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER**

**FLEISCHER'S HOTEL**  
ANNO 1864

f t i+  
56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

## Kyrkekantoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5  
Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.  
Telefon: 56 52 38 80  
www.voss.kyrkja.no  
E-post: post.voss@kyrkja.no  
Kontonr: 3480.16.45293



## Voss kyrkjelege fellesråd:

**Kyrkjeverje** Svein Tøsse  
tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

**Kontorleiar** Vibeke Lemme Rasdal  
tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

**Kateket** Rønnaug Eng Skjeldal  
tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

**Kyrkjelydspedagog** Camilla M Velsvik  
tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

**Trusopplæringsmedarbeidar** Åshild Bøe Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@kyrkja.no

**Diakon** Sigrid Djukastein Mala  
tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

**Diakonimedarbeidar** Anja Slåtten  
tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no

**Ungdomsprest** Vetle Leksbø  
tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

**Kantor** Astrid Gjestvang  
tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

**Organist** Frode Vik, tlf 952 62 084.

**Organist** Ellen Marie Selland Geithung  
tlf 980 64 594.

**Organist** Edyta Bryk, tlf 954 30 695.

**Kyrkjetenar på Bolstad** Anny Forthun  
tlf 481 36 520

**Kyrkjetenar på Evanger** June Mykkeltvedt  
tlf 934 46 884

**Kyrkjetenar på Voss** Thomas Velsvik  
tlf 414 75 383

**Kyrkjetenar i Granvin** Ingvild Baartvedt  
tlf 468 98 970

**Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje** Trond Olav Neteland, tlf 957 02 327

**Kyrkjetenar i Raundalen** Nils Lid,  
tlf 901 36 496

**Gravar** Vidar Bryn, tlf 996 00 940

**Oppsynsmann for kyrkjegardane** Hege Ukvitne, tlf 918 74 201

**Redaktør i Kyrkjennytt** Randi Kløve  
tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

**Kontormedarbeidarar** Idunn Holen og Lene Brunborg.

## Prestetenesta:

**Prost i Hardanger og Voss** Arild Hellesøy  
tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

**Sokneprest i Voss** Hans-Christian Küspert  
tlf 954 50 572. E-post hk782@kyrkja.no

**Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen** Arnulf Sandvik  
tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

**Sokneprest i Evanger og Bolstad**  
Frode Kvamsøe  
tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

**Prestevikar** Bengt Arvidsson  
tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

## Soknerådsleiarar:

**Evanger:** Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

**Voss:** Bjørg Helland, tlf 938 56 326

**Oppheim:** Monica Gudrun Hansen,  
tlf 957 58 204

**Vinje:** Ståle Hirth, tlf 950 81 902

**Raundalen:** Johnny Lemme, tlf 401 82 912

**Granvin:** Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

## Bilete:

Framsdebilete: Åshild Bøe Kharazmi.  
S 4: FLY:D, Unsplash.com.  
S. 6: Richard de Ruijter, Unsplash.com  
S. 7: Kerri Shaver, Unsplash.com  
S. 8: Marjan Plan, Unsplash.com.  
S. 8: Majid Rangraz, Unsplash.com.

## Om Kyrkjennytt:

Kyrkjennytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS  
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjennytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Informasjon om gudstenester, trusopplæringsiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

 Gravplass i Voss

**Gravplassadministrasjonen i Voss herad** har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.

**Neste nummer kjem i veke 19. Frist for melding om stoff er måndag 17. april.**

# Misjonsprosjektet



## Med tillit til Gud på veg til Uganda

Tekst: Britt Hernes/Misjonsnemnda. Foto: Mparany Rakotondrainy.



Wakjera Adula, 27 år gamal, er frå Agalo. Han er utdanna lærar men jobbar for tida på turistkontoret i Agalo. Han er aktiv i kyrkja, syng og leiar kyrkjekoret.

Zeekariyas Abebe er 23 år gamal. Han er frå Kamashi. Han har utdanning som maskiningeniør men jobbar no som vakt ved Kamashi ungdomssenter.



Desse to unge mennene fekk reisa til Uganda på Ungdom i Oppdrag-samling. Det var deira første tur til utlandet. Dei møtte mange utfordringar på vegen. Først fekk dei vanskar med å få biltransport avdi det rådde uro i området. I tillegg gjekk det eitpar dagar før dei fekk henta passa sine. Omsider kom dei til Addis Abeba. Der skulle dei ordna med vaksinasjonskort, forsikringsbevis osv før reisa.

Dagen før flyturen til Uganda vart dei stoppa og fortalt at dei ikkje fekk forlata landet. Grunnen fekk dei ikkje vita, men offisielle personar i Etiopia ser alltid ned på ungdomar som kjem frå avsidesliggjande strok i landet. Etter mange timar med ringing og diskusjonar fekk dei omsider reisa.

Det er trist at samfunnet fungerer slik. Dei som høyrer til svake grupper har ikkje same mogelegheiter som dei som høyrer til privilegerte grupper.

Uansett var dei to unge mennene takksame og såg fram til å læra av andre kulturar, andre land og å møta andre unge menneske. Dei kjende seg klare til å dela trua si og å læra meir om Gud.

Tross motgang gav ikkje Wakjera og Zeekariyas opp. Dei visste at uansett kva som skjedde:

Gud vil aldri svikta dei som trur på han.

Be om at dei unge i Etiopia blir vedsett og får mogelegheit til eit godt liv.

Voss kyrkjelyd støtta NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.

Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.

# Marshmallow-studien

- faste - Jesu offer og den himmelske vona

Andakt av Hans-Christian Küspert, sokneprest

På slutten av 60- og starten av 70-talet gjennomførte psykolog Walter Mischel ein stor studie, som seinare har vorte kjent som Marshmallow-studien. Studien hadde som mål å testa barns evne til sjølvregulering og impuls kontroll, og kva effekt det hadde for suksess seinare i livet.

Forsøket var i grunnen ganske enkelt. 4-åringar vart på førehand spurt om dei føretrakte ein eller to marshmallows. Ikkje overraskande svarte dei fleste barna at dei føretrakte to. Så vart barna, ein og ein, plassert i eit rom med ein marshmallow på eit bord framfor seg. Forskaren sa at barnet på kva tidspunkt som helst kunne ringja ei bjølle og så eta marshmallowen. Viss barnet klarte å venta til forskaren kom inn att av seg sjølv utan å eta, så fekk barnet ein ekstra marshmallow, ei påskjønning.

Forskarane følgde desse barna gjennom livet, og såg på korleis dei lykkast på skulen, i arbeidslivet og i relasjonar. Det viste seg at dei 4-åringane som hadde klart å venta lenge med å ringja i bjølla, eller hadde klart å venta heilt til forskaren kom tilbake, klarte seg mykje betre enn dei andre barna som åt med det same. Det er liten tvil om at sjølvregulering og impuls kontroll er viktige faktorar for å lykkast i livet, og noko alle må læra seg i ei viss grad for å nå måla sine, og realisera draumane sine.

Tillit er ein avgjerande faktor når det gjeld sjølvregulering. Det kan tenkjast at dei barna som ikkje venta med å eta marshmallowen hadde gode grunnar til ikkje å stola på vaksne. Kanskje dei hadde opplevd for mange tillitsbrot

der ein vaksen hadde lova noko, og så hadde hen ikkje klart å halda det løfta. Då er det forståeleg at barnet tok sjansen når det hadde han. Det kunne jo henda at den vaksne kom tilbake og tok bort sjølv den eine marshmallowen, og barnet sat igjen utan nokon ting.

Eg må altså ha tillit til at det eg gir avkall på, faktisk tener meg i lengda. Jo meir usikker fortienesta er, desto mindre villig er eg til å gi avkall på den omgåande påskjønninga.

I fastetida blir me oppmoda til å gi avkall på noko i livet vårt, og auka fokuset på Gud. Det er ei krevjande oppgåve. Kva påskjønning ligg i den andre enden? Har eg tillit til at det faktisk er ein Gud der som ser, høyrer og elsker meg?

Eg trur at det å øva seg i sjølvregulering og impuls kontroll er eit gode i seg sjølv. Det hjelper meg å ta kontroll over eige liv, og regulera vanane mine og lystene mine, slik at livet mitt består av den rette blandinga mellom nyting og slit for framtidig nyting, og det å gjera det rette sjølv når det berre gagnar andre, og ikkje meg. Det å leva i tillit til håpet om Guds eksistens, Guds kjærleik, og eit liv etter døden, gir i tillegg livet meining og retning. Men eg treng å oppmuntrast og fornyast i tilliten min, slik ein som blir freista av røyken kanskje må høyra mange gonger at røyking drep, og få det skrive på pakken med bilete og det heile, før det er nok til å forandra livet hans.

Derfor er det viktig at me oppmuntrar kvarandre i påska, og minner kvarandre om at det faktisk ikkje er tåpeleg å tru på Jesu oppstandelse.

Samanlikna med andre «historiske fakta» som me tek for gitt, er oppstandelsen faktisk godt dokumentert. Thor Haavik jobba med dette i masteravhandlinga si, og laga før påska i fjor ein videoserie på youtube som heiter «oppstandelsen». Den er det verd å sjå i år òg, slik at me kan styrkjast i tilliten vår til Gud. For med sterk tillit til Gud, vert eg styrkt i trua mi på det himmelske håpet, og kan forhåpentlegvis leva eit liv i etterfølging. For Gud har gitt oss i oppdrag å elska vår neste, å behandla kvarandre og naturen på ein god måte, og å behandla oss sjølv som noko verdifullt.

Og som påskjønning, i tillegg til det medmenneskelege som eg forhåpentleg får, gir Jesus meg eit himmelsk håp, ikkje berre om

å få sjå han ansikt til ansikt når eg døyr, men om at eg kan få leva eit evig liv saman med dei som eg elsker, som har gått før meg, eller kjem etter meg. Jesus klarte å gå den tunge vegen, fordi han hadde tillit til at det ville komma ei påskjønning på den andre sida. At han ved offeret sitt kunne gi vennene sine håp, og retta opp igjen fellesskapet og nærleiken mellom Gud og mennesket.

Eg håpar at du bruker denne påska på å styrkjast i tilliten til Gud, ved å lesa om det han har gjort for deg, ha samvær med andre som kan oppmuntra deg, og å oppsøkja Gud i bønn og tilbeding, slik at du kan styrkjast i trua, og ved det gjera det enklare for deg å leva eit liv i etterfølging.

# HÅP I EIN DRÅPE VATN

## Fasteaksjonen 2023

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon «Håp i ein dråpe vatn» vert arrangert over heile landet 26.-28. mars 2023.

Saman med kyrkjene i Norge jobbar Kirkens Nødhjelp med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Saman jobbar KN for fred og rettfærd, og for å redde liv. I fasteaksjonen samlar me inn pengar til dette livsviktige arbeidet.



Eit av landa Kirkens Nødhjelp arbeidar i, er Tanzania. I 2014 hadde Kirkens Nødhjelp TV-aksjonen, og frå innsamla midlar fekk 1,7 millionar menneske varig tilgang til reint vatn. Landsbyen til

15 år gamle Deodata er ein av desse. Før skapte lange tørkeperiodar store problem, og dei måtte gå langt for å hente vatn. Deodata brukte tre timar kvar dag for å hente nok reint vatn til familien sin. Dette gjorde at ho ikkje kunne fullføre skulen. No tar turen for å hente vatn berre 5 minutt og innbyggjarane held seg friske sidan vatnet er reint.

Gjennom fasteaksjonen i år kan me vera med å hjelpa til slik at fleire menneske i verda får like reint og godt vatn som Deodata og hennar familie - og som vi har sjølve.

Bøsseberarane kjem til å gå frå dør til dør desse dagane:

- **Måndag 27. mars: Evanger og Bolstad sokn og Granvin sokn.**
- **Tysdag 28. mars: Voss og Vossestrand.**

Dei fleste bøsseberarane er konfirmantar i vår. Men me håper det er andre som òg vil vere med å gå med bøsser desse dagane. Ta kontakt med kyrkjekontoret (Rønnaug Skjeldal) om du vil vere med.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

# «Navnet Jesus blekner aldri» - 100 år

No er det 100 år sidan David Welander skreiv den folkekjære salmen «Navnet Jesus blekner aldri». Det er ein viktig salme for fleire generasjonar kristne. I år er det grunn til å feira denne salmeskatten.

David Welander var ein ung mann då han mista synet på det eine auget i ei ulykke på laboratoriet til Norsk Hydro på Rjukan. Nokre har tenkt at dette var med på prega teksten i songen der det i tredje verset heiter «Midt i nattens mørke blinker, som et fyrlys Jesu navn». Men kanskje var det heller fordi forfattaren fullførte songen midt på natta.

Welander hadde vore på møte i Oslo og høyrte ein forkynnar snakka om eit vers frå Salme 72: «Lat namnet hans leva til evig tid, skyta friske skot så lenge sola er til!» Sommaren året før hadde han også høyrte to misjonærpar syngja ein fengande afrikansk melodi.

Welander lista seg ut av møtet for ikkje å gå glipp av inspirasjonen han kjende. På toget heim til Lørenskog skreiv han dei første versa.

Zulu-melodien frå Sør-Afrika svinger godt i 9/8-dels takt og gjer salmen lett å syngja.

Når teksten har tålt 100 år, kan det skuldast at den er både personleg og appellerer til kjenslene: «Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann». Det står ikkje «må vi elske» eller «vår sjel i brann». Med ord som å «elske» og «sjel i brann» formidlar den kjensler. Den er ein lovsang som har ei sterk kollektiv side ved seg, samstundes som den er svært personleg frå forfattaren si side.

Songen er mest kjent i skandinavisk samanheng, men den er også oversett til andre språk og finst mellom anna i Frelsesarmeen si engelske songbok under tittelen «Never fades the name of Jesus».

I vår salmebok står han som nr. 86 - ein salme til Jesu namnedag 1. nyttårsdag.

Inspirert av ein tekst i Vårt Land, redigert av Arne Mosefinn.

Navnet Jesus blekner aldri. Tæres ei av tiden tann  
Navnet Jesus det er evig. Ingen det utslette kan  
Det har bud til unge, gamle. Skyter stadig friske skudd,  
Det har evnen til å samle. Alle sjeler inn til Gud

Refreng:

Navnet Jesus må jeg elske. Det har satt min sjel i brann  
Ved det navnet fant jeg frelse. Intet annet frelse kan

Jesu navn! Hvor skjønt det klinger. La det runge over jord!  
Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord  
For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly  
Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny

Midt i nattens mørke blinker, som et fyrlys Jesu navn  
Og hver hjem'løs seiler vinkes inn til frelsens trygge havn  
Og når solen mer ei skinner, Jesus-navnet lyser enn  
Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen

# Endå ei gravferd “i stilla”



Eg er ny prest her på Voss, og eg har møtt mange nye skikkar, og lært mange nye ting på dei 8 månadene eg har vore på Voss. Mykje er spanande, mykje er utfordrande, og noko stiller eg meg kritisk eller undrande til.

Ein ting som har overraska meg, er talet på gravferder som er i stilla. Når ei gravferd er i stilla, betyr det at gravferda ikkje blir annonsert, og at berre dei som blir inviterte av dei næraste pårørande får høvet til å komma. Dette fenomenet kjenner eg for så vidt til frå mi tid i Nord-Noreg òg, men der var det berre svært unntaksvis at me hadde slike gravferder, og viss me hadde det, så var det som regel gode grunnar til dette.

Det finst fleire grunnar til at ein kan ønskja å ha ei gravferd «i stilla». Nokre gonger har avdøde eksplisitt ønskt seg dette før sin død, og familien ønskjer å etterleva det ønsket. Eg merkar meg likevel at andre ønske ikkje alltid blir etterlevde.

Ein annan grunn for ei gravferd i stilla, er krangel eller problem i familien eller omgangskrisen til avdøde. Dette skjer sjeldan, men det hender at det har vore forhold i livet til avdøde, som gjer det svært krevjande å samla alle i same rom, eller at familien er redd for at nokon skal komma i gravferda, edru eller ruset, og øydeleggja seremonien. Dette er noko ein må ta omsyn til, sjølv om ei gravferd i stilla ikkje alltid er løysinga då heller.

I tillegg til dette opplever eg diverre ganske ofte at ein har gravferd «i stilla» her på Voss av det eg vil kalla for komfortgrunnar. Det er lettare for den nære familien å ha gravferda lukka. Då blir det færre å ta omsyn til, meir ro, og mindre logistikk, tenkjer ein kanskje.

Det familiane ofte ikkje tenkjer på, er at ei gravferd er eit viktig ritual, der folk får høvet til å ta farvel. Ein seremoni som verkeleggjer døden, og gir folk høve til å gå vidare. Ein arena der ein kan dela sorga, som gir høve til å dela livet som kjem etter sorga òg.

Ved å ha gravferda i stilla tek ein frå folk høvet til å ta del i alt dette. Nokre gonger så får sjølv ikkje

næra venner vera med, for «om me inviterer nokon, så må me invitera alle». Andre gonger blir dei næraste vennene inviterte, men ikkje folk som kanskje ikkje var dei som stod avdøde aller nærast, men som avdøde likevel har betydd noko for på eit punkt i livet.

Eg meiner at det å ha gravferd i stilla er uheldig om det ikkje er sær gode grunnar til dette. Diverre er dette ofte vedteke når presten kjem i kontakt med familien, sidan familien gjerne møter gravferdsbyrået først. Ein fråtek folk eit høve til eit farvel, men ein signaliserer noko anna òg.

Ein signaliserer at ein vil vera åleine i sorga si, og at ein har nok med seg sjølv. Sjølv om dette kanskje opplevast slik dei første dagane etter eit dødsfall, trur eg at mange gjer seg sjølv ei bjørneteneste ved å ha gravferd i stilla. Folk synest det er vanskeleg nok som det er å møta folk som nettopp har mista nokon, og å prata med dei. Ein kjenner seg dum og klønete. Særleg etter tragiske dødsfall opplever pårørande at folk unngår dei på gata eller i butikken. Mange veit ikkje kva dei skal seia.

Viss det blir meir og meir vanleg å ha gravferd i stilla, blir det ikkje lettare å snakka med folk om døden. Men viss ein fekk vera med på gravferda, fekk teke enkja eller sonen i handa, uttrykt kondolansen sin, og teke sitt eige farvel, så er det kanskje lettare å slå av ein prat seinare òg, utan at det opplevast så kleint og rart. Kanskje ein til og med tør å ringja, eller komma på besøk nokre veker etter gravferda, for det er ofte då dei pårørande treng det mest.

Så oppmodinga mi til deg som planlegg din død er: Ikkje legg ei ekstra bær på dei du er glad i, ved å ønskja deg ei gravferd i stilla. Og viss du kjem i situasjonen ein dag der du er næraste pårørande for nokon som går bort, så prøv å hugs dette, at gravferda ikkje er for den døde. Den er ikkje berre for dei aller næraste heller. Ideelt sett skal ei gravferd vera ein seremoni for alle som var glad i avdøde, eller andre som avdøde har betydd noko for på eit punkt i livet. Det er eit høve til å skapa fellesskap, feira livet, dela minne, og dela trøyst.

Hans-Christian Küspert - Sokneprest

# Stand på Evanger

Tekst: Frode Kvamsøe

Foto: Eivind Yndestad

Som ein oppstart på kurset Inviterande kyrkje hadde Evanger og Bolstad sokneråd ein stand på Evanger 2. mars. Føremålet var å ha ei anonym spørjeundersøking der folk vart spurde om korleis kyrkja kan opplevast relevant og tilgjengeleg for fleire i soknet. Samstundes vart det delt ut «verdast beste vaffel» til dei som ville ha. Det var relativt mange kom innom standen, og fleire av dei svarta på spørjeundersøkinga.

Soknerådet kjem snart ut med innbyding til tre kursdagar med overskrifta Inviterande kyrkje, og datoane vil vere 27. april, 25. mai og 22. juni.

Verdast beste vaffel? Oppskrifta er å finne på heimesidene til Sjømannskyrkja!



Heine Mestad var ein av dei som svarta på undersøkinga. Vidare frå venstre: Kursleiar Marianne Magnussen, sokneprest Frode Kvamsøe, og Nora Mykkeltvedt og Anny Forthun frå soknerådet.

## Sorggruppe

Eit tilbod til deg som har mista nokon du er glad i.

Ynskjer du samtale åleine, kan du ta kontakt med diakon eller prest.

Oppstart våren 2023

Stad: Prestegarden



## Hans Nilsen Hauge og Haugianarane i Voss Kyrkjeakademi og Senioruniversitetet

Voss kyrkjeakademi og Senioruniversitetet skal ha fellesmøte  
**onsdag 29. mars kl.12 i Vossasalen, Park hotell Vossevangen.**

Møtet er ope for alle, inngangspengar kr. 150.

Trygve Riiser Gundersen skal ha foredrag med tittelen:  
**«Hans Nilsen Hauge: Statsfiende eller nasjonalhelgen?»**

Trygve Riiser Gundersen er forlagsredaktør, forfattar og kritikar og har i ei årrekke arbeid med haugianarane og kulturhistoria frå 1700 til tidleg 1800. For boka «Haugianerne» fekk han Brageprisen 2022. I grunngjevinga til juryen står det: «Brytningstiden, de opprørske kreftene og folkeliggjøringa av samfunnet levendegjøres som et storslått epos på et filmlerret. Slik evner han å tilgjengeliggjøre og aktualisere denne viktige perioden i norsk historie for et bredt publikum.»

Velkomen til eit foredrag om ei viktig tid i norsk historie og norsk kyrkjhistorie!

Torill M. Ringheim  
(for styringsgruppa i Voss Kyrkjeakademi)



# Trusopplæring i kyrkjene våre

## T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsette til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

## T<sub>10</sub> Kristuskransen

I starten av februar er det tiåringane (og elleveåringane frå Evanger og Bolstad sokn) som står i fokus. Dei får vere med å lage den fine Kristuskransen som Martin Lønnebo har utvikla. Kristuskransen er ein bønnekrans med 18 perler, der kvar perle har si eiga tyding. Borna lærer om dei ulike perlene og vandrar gjennom ei løype med kunnskapsformidling og kjekke oppgåver ved kvar post/ perle. Til slutt endar borna opp med sin eigen Kristuskrans i form av eit armband, som dei kan ta med seg heim og bruke i kvardagen.



Ørkenperla

### T<sub>10</sub> Vinje og Oppheim



Dåpsperla



- Gudsperla
- Stillhetsperlene
- Eg-perla
- Dåpsperla
- Ørkenperla
- Gledesperla
- Kjærleikspersla
- Løyndomsperlene
- Nattperla
- Oppstandelsesperla



T<sub>10</sub>  
Voss



Kristuskranen har med seg nesten alt me kan møte i livet. Her er sorg og glede, håp og utfordringar. Det er plass til hemmelege ting og kjærleik. Viktigast er det at Gud vil vere med i alt me opplever i livet



Å tre perlene på snor og å få knyta slik at det ikkje går opp, kan vera ei utfordring



Håpstre

T<sub>10</sub>/T<sub>11</sub>  
Evanger og Bolstad



Karnevals-  
gudsteneste



Før fasten hadde me karnevals-gudsteneste i Vangskyrkja. Her kom supermann, prinsesser, kaniner og sjørøvar. Godt var det at me hadde med oss eit par politimenn óg. Men sjølv om me var kjempefine så fekk me høyra at Gud elsker oss akkurat slik me er.

Etter gudstenesta var det pinjata for borna

Karnevals-  
prosesjon



T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>



# BARNAS

## Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

## Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?  
Svar: Ruteark

## Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?  
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.  
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen – mer enn du tror

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



DEN NORSKE KYRKJA

Sokna i Voss



**vil du ha eit  
godt råd?**

# Vil du ha eit godt råd?

Til hausten er det kyrkjeval. Det betyr at vi skal velja nye sokneråd i kyrkjelydane våre.

Soknerådet møtest 8 til 12 gonger i året, ut frå saker og aktivitetar. Soknepresten er medlem, i tillegg til dei valde medlemmane. Sokneråda i Evanger, Oppheim, Vinje, Raundalen og Granvin har til no hatt 6 faste medlemmar, og 5 varamedlemmar. Listene til desse sokneråda må difor ha minst 11 namn. Voss sokneråd har 10 faste og fem varamedlemmar, til saman 15 personar.

I våre kyrkjelydar er vi særleg opptatt av:

- Trusopplæring - kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid frå 0-19 år.
- Diakoni, kyrkja si omsorgsteneste, som handlar om inkluderande fellesskap, vern om skaparverket, og kamp for rettferd.

Utanom dette jobbar soknerådet også med planar innanfor kyrkjemusikk og er med

på å leggja dei overordna føringane for gudstenester og konfirmasjonsundervisning, for å nemna noko.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vera med i soknerådet.

## Vil du vera med på laget?

Vil du vera med og gje kyrkjelydane i Voss eit godt sokneråd? Eller kjenner du nokon som kan bli utfordra til å sitja i våre sokneråd?

Kontakt din lokale soknerådsleiar om du lurer på noko eller har lyst å stilla til val. Kontaktinformasjonen til soknerådsleiarane finn du på side 2 i dette bladet.

**Sjå meir på [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**

## Val av sokneråda i Voss - frist for innlevering av listeforslag

Nominasjonskomité i kvart av sokna i Voss set opp eit forslag til valliste til soknerådval 2023. Forslag på kandidatar til soknerådet kan meldast til soknerådet, helst innan 22.mars. Valbare er medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet, og som fyller 18 år seinast i 2023.

Listeforslag bør ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år og ei rimeleg geografisk spreiding. Kandidatar skal vere oppført i prioritert rekkjefølgje med førenamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og fødselsår, og dessutan eventuelt bustad og stilling.

Det er òg høve for ein nomineringsgruppe på ti personar med stemmerett i soknet å levere ei liste til val av sokneråd.

**Sokneråda sin endelege innleveringsfrist for listeforslag er fredag 31. mars 2023, kl. 12.**

Kyrkjevalet finn stad (10.) 11. september 2023, med digital og fysisk førehandsrøysting frå 10. august. Val av leke medlemmer av bispedømeråd og Kyrkjemøtet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Me vil etter kvart kunngjere meir om sjølve gjennomføringa av valet, med røystestader, tider, og førehandsrøystingar.



**VOSS SPAREBANK**

- skapar verdiar for deg og lokalsamfunn

[www.vossabanken.no](http://www.vossabanken.no) - 56 52 03 00

**MYRK  
DALEN**

[myrkdalen.no](http://myrkdalen.no)



**Vekselbanken**

- ein god medspelar -

Telefon 56 52 35 00

- med tilbod til liten og stor

Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.



**VESTLAND**  
TRAFIKKOPPLÆRING

**Me ordnar alt  
vedrørende dødsfall**

Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar

VIRKE  
GRAVFERD

**Vinsands**  
GRAVFERDSBYRÅ

Telefon 56 51 11 94 [www.vinsand.no](http://www.vinsand.no)



**AZETS**

Azets Insight AS avd. Voss  
Evangervegen 3, 5704 Voss  
Autorisert regnskapsførerselskap  
[visma.no/outsourcing](http://visma.no/outsourcing)

**O.L.KYTHER AS**

**entreprenør**

Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo  
Tlf. 56 52 38 60



**Voss Energi**

-rein vosskraft!

**Pianostemmer Voss**

På tide å stemme  
pianoet?



[pianostemmervoss.no](http://pianostemmervoss.no) Tlf. 99 43 53 36



**VINJO**

**KIWI mini  
pris**

Kiwi Vangen  
Tlf. 56 51 27 35

**GRAVSTEIN**

Nye gravmonument,  
tilføyningar og oppussing - ta kontakt med:

**STEIN & MERKE**

Per Vinje - Tlf. 56 51 69 88 - 908 52 099

**Nordhordland  
Begravelsesbyrå AS**

VIRKE  
GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1  
5911 Alversund

FREKHAUG:  
Havnevegen 31,  
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:  
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen



**Voss Bokhandel**

Vangsgata 27, 5700 Voss  
Tlf. 56 51 11 16

Din røyrleggjar i sentrum

Snakk med  
**Comfort**

Helge Nikolaisen A/S

Installasjon - Service - Vedlikehald

Velkomen i butikken!

Tlf. 56 51 26 28

Vangsgt. 4, 5700 Voss



Di annonse her? Ta kontakt  
med redaktøren på e-post  
[rk858@kyrkja.no](mailto:rk858@kyrkja.no)



Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding

[www.vaattogvilt.no](http://www.vaattogvilt.no) - Tlf 91374995



**VOSS MØBEL OG  
TREVAREVERKSTAD AS**

Skyvedørskarmer  
Loftstrapper  
Inspeksjonsluker

Anleggsgartner og trepleiar

**GUNNAR LILLETHUN**

Tlf. 901 19 315 • [www.lillethun.no](http://www.lillethun.no)



HMM Maskin  
EIK Senteret Voss



Stolte tradisjonar, ny næring

Regimentsvegen 14  
5705 Voss  
+47 56 52 9130  
[hmvgruppa.no](http://hmvgruppa.no)  
Verkstad og delerlager

# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE

<b>Oppheim sokn:</b>	26.02	Kaja Solberg Urang
05.02 Trygve Håland Hommedal	26.02	Ingrid Ringheim
	05.03	Joan Nilsen
<b>Voss sokn:</b>	05.03	Olivia Stabæk
05.02 Emma Kvalnes Haugen	05.03	Eirik Hernes Hårklau
26.02 Olav Rutledal	05.03	Johan Fykse Bøyum
26.02 Sjur Akselberg Lid	05.03	Sondre Fauske

## DØDE

<b>Evanger og Bolstad sokn:</b>	<b>Vinje sokn:</b>
11.2. Ingrid Johanne Rasdal, f. 1940	6.2. Sverre Lirhus, f. 1941
<b>Granvin sokn:</b>	<b>Voss sokn:</b>
5.2. Marta Olina Karlsen, f. 1932	5.2. Cecelia Ullestad, f. 1931
	9.2. Odd Væhle, f. 1932
	9.2. Gunvor Finne, f. 1930

## VIGDE

<b>Voss sokn:</b>
18.02 Anita Ukvitne og Vegard Jensen

**Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!**



**Skann meg!**

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

## DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

**Slik føregår barnedåp hjå oss:**

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå nettsida vår **[www.voss.kyrkja.no/dåp](http://www.voss.kyrkja.no/dåp)**



# Gudstenesteliste

## Bolstadøyri bedehus:

02.04 kl 12.00 Gudsteneste med nattverd. T7. Kvamsøe.  
07.05 kl 17.00 Gudsteneste med nattverd. Kvamsøe.

## Evanger kyrkje:

23.04 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Bø.

## Granvin kyrkje:

26.03 kl 16.00 Gudsteneste. Borna sin påskefest, T7. Küspert.  
06.04 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Arvidsson.  
07.04 kl 11.00 Pasjonsgudsteneste. Arvidsson.  
10.04 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Arvidsson.  
30.04 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Arvidsson.  
05.05 kl 18.00 Samtalegudsteneste. Arvidsson.  
14.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Arvidsson.

## Hamlagrø bedehus:

10.04 kl. 11.00 Gudsteneste v. Rønnaug Skjeldal. 2. påskedag

## Mjølfjell kapell:

09.04 kl 10.00 Gudsteneste med nattverd. Hellesøy.

## Oppheim kyrkje:

02.04 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Thaula.  
09.04 kl 11.00 Påskedagsgudsteneste med dåp. Sandvik.  
23.04 kl 11.00 Gudsteneste med dåp. Sandvik.  
07.05 kl 11.00 **Jordalen kapell.** Gudsteneste med nattverd.  
Sandvik.  
14.05 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Sandvik.

## Raundalskyrkja:

26.03 kl 15.00 Gudsteneste med årsmøte. Sandvik.  
07.04 kl 12.00 Friluftsgudsteneste på **Brekkestølen**. Sandvik.  
13.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Sandvik.

## Vangskyrkja:

26.03 kl. 11.00 Familiegudsteneste med nattverd v. Küspert.  
Borna sin påskefest. Gudstenesta er slutten av trusopplæringsopplegget T7 (påskevandring), som alle som vert 7 år i 2023 er særleg inviterte til.  
02.04 kl. 11.00 Jazzgudsteneste med nattverd v. Hellesøy.  
Palmesøndag  
06.04 kl. 19:30. Gudsteneste med nattverd v. Küspert.  
Skjærtorsdag  
07.04 kl. 11.00 Gudsteneste v. Küspert. Langfredag  
09.04 kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd v. Küspert.  
1. påskedag  
10.04 kl. 19.00 Kveldsgudsteneste med nattverd v. Küspert. 2. påskedag  
16.04 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v. Küspert  
23.04 kl. 11.00 Familiegudsteneste med dåp v. Küspert. T4, utdeling av 4-års bøker.  
30.04 kl. 11.00 Vangskyrkja. Gudsteneste med dåp og nattverd v. Hellesøy  
06.05 kl. 10 og 12. Konfirmasjon v. Küspert  
07.05 kl. 10 og 12. Konfirmasjon v. Küspert  
14.05 kl. 10 og 12. Konfirmasjon v. Küspert

## Vinje kyrkje:

26.03 kl 11.00 Familiegudsteneste med dåp. Sandvik.  
06.04 kl 20.00 Nattverdsgudsteneste på **Helgatun**. Sandvik.  
07.04 kl 20.00 Pasjonsgudsteneste. Sandvik.  
30.04 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Thaula.

# Aktivitetskalender

**Ope kyrkje i Vangskyrkja kvar måndag kl 18.**

## Seniortreff i Vonheim:

**18. april kl 12.00 -14.30.** Skisport i Vossabygda m/ Magne Sørestrand.

**9. mai kl 12.00 -14.30.** Blomegleder i bilder med Hæge Graudo.

## Misjon og mosjon/Misjon og motivasjon:

12.04 kl 17:30

10.05 kl 17:30

Sjå meir informasjon i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

## Supertysdag i Vonheim:

18.04 kl 16.

## T-dagar:

26.03 kl 09.30: T7 Påskevandring for Voss og Raundalen sokn i Vangskyrkja.

26.03 kl 14.30: T7 Påskevandring for Granvin sokn i Granvin kyrkje.